

Naboar,
andre organisasjonar
offentlege instansar

Stord, 20.02.2019

Melding om oppstart av reguleringsplanarbeid og planprogram

- Detaljregulering for akvakulturlokalitet ved Risholmen, Solund kommune

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette meldt oppstart av detaljregulering for akvakulturlokalitet ved Drivøyosen, Solund kommune. PlanID: 2018 001. Det er krav om konsekvensutgreiing med utgangspunkt i at reguleringsplanen ikkje er i samsvar med gjeldande kommuneplan. Planprogrammet er utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing (2017). Planprogrammet gjer greie for bakgrunn, innhald og framdrift, samt medverknad og utgreiingsprogram for KU. Planprogrammet er lagt på høyring samstundes som melding av oppstart av planarbeidet.

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide detaljregulering med konsekvensutgreiing (KU) for sjøområda ved Risholmen, der målsetnaden med arbeidet er å legge til rette for ein ny akvakulturlokalitet i sjø. Dette inneber ei arealmessig opning for å kunne søke om godkjenning etter akvakulturlova og andre sektorlovar.

Det er gjennomført oppstartsmøte 26.10.2018 med plankonsulent og Solund kommune. Planprogrammet og planområdet er avklara med Solund kommune. Planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet er å finne på nettsida til kommunen, arkivsakID 18/609


https://innsyn.onacos.no/solund/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2018000609&

Plansituasjon og plangrense

Planområdet er om lag 1400 daa, og omfattar sjøareala ved Risholmen, aust for Gåsvær. Det aktuelle området ved Risholmen er ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan. Planområdet er avsett til fleirbruksføremål FFNFA. Innanfor FFNFA er det i retningslinjene til kommuneplanen sagt at det er tillate med dyrking/oppdrett av skaldyr, men ikkje oppdrett av fisk. Planområdet ligg utanfor, men opp mot grensa til Gåsvær naturreservat.

Plangrensa er sett for å regulere tilstrekkeleg areal for å etablere 10 merdar og ei forflåte på lokaliteten. Planområdet er sett relativt stort for å gi opning for tilpassingar undervegs i prosessen. Ein vil vurdere å redusere planområdet til *naudsynt areal* i løpet av arbeidet. På dette stadiet i prosessen er ikkje alle forhold og detaljar kartlagt og det vil vera behov for tilpassingar for å skape optimale og akseptable tilhøve for drifta på anlegget (naturgitte tilhøve som botnforhold, straum, bølger etc.), samt justeringar for å kunne ta omsyn til kjente naturverdiar og fiskeriinteresser, samt ferdsel på sjø.

Avgrensing av planområdet er vist i vedlagt planprogram, og i figur under.



Figur: Planområde som no vert meldt oppstart på.

Merknader og medverknad

Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av planprogram er annonsert i avisa Firda og på nettsida til Solund kommune og ABO Plan & Arkitektur AS

Moglege merknadar og synspunkt til planarbeidet skal sendast skriftleg innan

- **høyringsfristen 05.04.2019**

Postadresse: ABO Plan & Arkitektur Stord AS, Postboks 32, 5401 Stord

Eller e-post: poststord@abo-ark.no eller turid@abo-ark.no

Er det spørsmål til planarbeidet kan underteikna kontaktast på e-post turid@abo-ark.no eller telefon: 905 22 958

Vidare arbeid

Dette brevet er første fase i planarbeidet. Etter at fristen for merknader er gått ut, vil planprogrammet bli politisk handsama i Solund kommune. Vidare vil ABO utarbeide eit planframlegg som inneheld planomtale, plankart og føresegner. Ferdig planforslag vil så bli sendt Solund kommune for handsaming, og sjølv planframlegget med detaljar for planlagt situasjon vil verta sendt på høyring då. Det vil også då vera moglegheit til å spele inn merknadar til planframlegget før ny politisk handsaming av planforslaget.

Ved vennleg helsing
ABO Plan & Arkitektur Stord AS

Turid Verdal
Turid Verdal

Vedlegg

- Planområdet
- Planprogram Risholmen